



Benedicte og Morten Christensen  
Vågenesvegen 100  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1325 - 15/5105

Saksbehandlar:  
Lisbeth Toppe Alvær  
lisbeth.alvaer@radoy.kommune.no

Dato:  
04.05.2015

## Vedrørende søknad om kommunal overtaking av drift og vedlikehold av veglys

Viser til dykkar søknad om kommunen kan påta seg drifts- og vedlikeholdskostnader for eit veglys ved eit busstopp langs Vågenesvegen. Det vert opplyst i søknaden at de sjølv vil sette opp veglyset.

Som kjent, er den økonomiske situasjonen i Radøy kommune svært stram, og kommunen er derfor tilbakehalden med å påta seg nye driftskostnader. Spørsmål om kommunal overtaking av drift- og vedlikehold av veglys har også vore diskutert politisk, og signalet er at kommunen skal vere restriktiv med å påta seg nye driftskostnader.

Ettersom søknaden gjeld eit enkelt veglys på kommunal veg for å bidra til betre trafikktryggleiken, vert dykkar søknad likevel innvilga. Radøy kommune vil påta seg drifts- og vedlikeholdskostnader for eit veglys, slik det er omsøkt.

Ta kontakt med leiar for Teknisk drift: Einar Færø ([enar.faero@radoy.kommune.no](mailto:enar.faero@radoy.kommune.no)/56 34 90 00) for nærare informasjon.

Med helsing

Lisbeth Toppe Alvær  
kommunalsjef drift og forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*